

HELSE VEST RHF

Att.Brita Mauritzen Næss

Dykkar ref:
2020/1115

Vår ref:
2020/10395 - 2682/2021

Sakshandsamar:
Børge Tvedt

Dato:
17.01.2021

Høyring - Regional plan for TSB 2021

Vi viser til brev av 09.12.20 med ønske om innspel til regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Helse Førde har delteke i arbeidsgruppa med to tilsette, og planen har og hatt forankring i møte med direktørane for psykisk helsevern og TSB i føretaka i Helse Vest.

Det har vore ein bra prosess for å utarbeide planen, sjølv om involvering av kommunar og lokale brukarorganisasjonar sjølvst har vore redusert grunna pågåande pandemi.

Planen har eit godt format, og vi støttar at det er gjort prioritering i fire område.

1. Digitale tenester – samhandling med pasientane
2. Identifisering av pasientar i somatiske einingar som har alkohol- eller opiatavhengighet
3. Pasientforløp mellom kommune, TSB og psykisk helsevern for ROP pasientar
4. Informasjonsflyt, pasientforløp og prioritering

Helse Førde støttar dei konkrete måla, tiltaka og indikatorane som er laga til kvart innsatsområde, men har nokre kommentarar til kvart område.

1. Digitale tenester – samhandling med pasientane

Helse Førde støttar satsing på digitale tenester og e-meistring innan TSB. Vi vil peike på at Helse Vest IKT har ein svært stor og kostnadskevjangende portefølje, og vi trur det er naudsynt med spissa satsing for å sikre innføring av e-mestring og andre digitale/interaktive behandlingsprogram i TSB som t.d. feedbackverktøy for pasientane. Integrasjon mot kommunale digitale verktøy må vere ein føresetnad, og ein må satse vidare på pasientdialog t.d. gjennom helsenorge.no. Slik vi kjenner pasientgruppa har delar av pasientgruppa dårleg tilgang til stabil digital infrastruktur. Dette må vurderast som ein risikofaktor i satsting på digitale tenester.

2. Identifisering av pasientar i somatiske einingar som har alkohol- eller opiatavhengighet

Det er viktig å setje i verk tiltak for å identifisere pasientar som har rusliding, og tilby hjelp der dei er i sjukehuset. Vi støttar måla og tiltaka som er foreslått i planen. Det vil krevje innsats på tvers for å nå måla innad i helseføretaka, og samarbeidet med kommunane er svært viktig for å identifisere pasientar med rusliding. Vi støttar at området særskilt har fokus på alkohol som rusmiddel, men er usikker på om det er rett å berre nemne opiatavhengigheit i tillegg. Mange av våre pasientar har eit blandingsmisbruk der opiatar ikkje er det sentrale rusmiddelet.

3. Pasientforløp mellom kommune, TSB og psykisk helsevern for ROP pasientar
Vi støttar at det vert sett fokus på pasientar med samtidig alvorleg psykisk liding og rusliding (ROP). Det er viktig at pasientane i så stor grad som mogeleg får tenestetilbodet lokalt slik planen tek til orde for. Som planen peikar på krev det at ein i større grad yter tenester på same tid, koordinert og integrert for å betre denne målgruppa- Helsefelleskapa kan bidra til dette, men helseføretaka må samstundes prioritere intern koordinering mellom avdelingar, døgnbehandling, poliklinikk og ambulante tenester i større grad enn i dag.

4. Informasjonsflyt, pasientforløp og prioritering
Helse Førde støttar at tilvisingar til TSB vert vurdert i føretakstrukturen. Før Helse Førde er det viktig at vi kan fortsette å ha vurderingseiningar ved DPSa, ettersom TSB i Helse Førde er integrert i DPSa. Vi meiner den samordna vurderinga av tilvising i DPS gir god kvalitet, sjølv om kvantitet då vert noko lågare. Det er DPS som best kjenner pasienten sitt nærmiljø, kommune og andre aktørarar som kan bidra til heilskapelege tenester og oppfølging før under og etter tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Helse Førde har i prosessen med regional plan for TSB spelt inn Tronvik som aktuell stad for eit regionalt tilbod om døgnbehandling, då det er både egnelege lokale, omgjevnader, og etter vår vurdering god kompetanse for å drive regionalt tilbod. Dette innspelet er no i eiga prosess utanfor regiona plan for TSB. Vi ser fram til vidare dialog rundt mogeleg bruk av Tronvik.

Vi vil til slutt minne om at indikatorane som er foreslått ikkje må fordre registeringsoppgåver for behandlarane som ikkje er integrert i EPJ-systema. Det ser ut til at planen tek omsyn til dette.

For Helse Førde vil realisering av tiltaka krevje finansiering ut over det som vert nytta til TSB i dag.

Vennleg helsing

Børge Tvedt
Direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent